

# Retningslinjer for tilskot til prosjekt innan Klima- og miljøprogrammet i Hordaland

*Fastsett av Fylkesmannen i Hordaland 21.02.2018 med heimel i jordbruksavtalen 2017/2018 og belastningsfullmakt til Fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet for 2018.*

Klima- og miljøprogrammet er ei tilskotsordning retta mot prosjekt innan kunnskapsutvikling, utredning og informasjonstiltak innan klimagassutslepp, klimatilpassing, vassmiljø, kulturlandskap og naturmangfald. Fylkesmannen forvaltar midlane som går til fylkesvise tiltak.

## 1. Formålet med tilskotsordninga

Klima- og miljøprogrammet skal bidra til å:

- At produksjon av mat skal skje med god ressursbruk og minst mogleg forureining, klimagassutslepp og tap av biomangfald.
- Å auke landbruket sitt miljøbidrag, til dømes: Ta vare på kulturlandskap, kulturbetinga biologisk mangfald og kulturminne. Binding av karbon og produksjon av biogass.
- Å tilpasse agronomi og dyrkingssystem til eit endra klima, med sikte på å oppretthalde eller auke matproduksjonen og ta vare på produksjonsressursane.

Målgrupper for tiltaket er i hovudsak landbruksføretak, rådgjevarar og forvaltning. Prosjekta skal imøtekomme eitt eller fleire dei av følgjande kriteria:

- Bidra til at eksisterande eller ny kunnskap raskt når ut til landbruksføretak.
- Bidra til oppdatert kunnskap for rådgjeving og forvaltning.
- Bidra til å informere om jordbruket sin miljøinnsats til samfunnet generelt.

Faglege prioriteringar i programmet kan variere og vil gå fram av utlysingsteksten for kvar søknadsomgang. Midlane kan ikkje gå til reine forskingsprosjekt, men dei kan gå til forprosjekt/utgreiingar som seinare kan munne ut i forskingsprosjekt. Prosjekt skal primært vere retta mot utfordringar som har interesse ut over reine lokale problemstillingar. Lokale prosjekt kan likevel få støtte dersom problemstilling eller resultat vil ha stor overføringsverdi.

Tilskot til behovsbaserte utgreiingar på oppdrag for Fylkesmannen kan også bli innvilga. Prosjekt som dekkjer slike behov, kan bli etterspurt særskilt i utlysinga. Fylkesmannen kan bestemme at midlar øyremerka til bestemte prosjekt, ikkje skal lysast ut.

## 2. Kven kan søkje

Alle som arbeider med kunnskapsutvikling eller kunnskapsformidling kan søkje støtte frå programmet. I første rekke vil dette vere:

- fag- eller næringsorganisasjonar, regionale lag og foreiningar
- utrednings- og forskingsverksemder (institusjonar)
- kommunar
- andre føretak

## 3. Søknad

Fylkesmannen i Hordaland kunngjer utlysing og søknadsfrist årleg på Fylkesmannen sine nettsider. Elektronisk søknadsskjema via Altinn skal nyttast. Det er ikkje mogleg å levere søknad på papir. Søkjar er ansvarleg for at fullstendig søknad med relevante vedlegg kjem inn til Fylkesmannen innan fastsett frist.

#### **4. Vilkår og aksept av vilkår**

Fylkesmannen kan sette vilkår om korleis kunnskapen frå prosjektet skal kome ut til målgruppa for ordninga eller andre særskilte vilkår for bruken av tilskotet. Fylkesmannen underretter søkjaren om vedtaket og vilkåra i eige tilskotsbrev. Skriftleg krav om utbetaling blir rekna som aksept av vilkåra for tilsegna.

Tilskot blir normalt gitt for eitt år. Unntaksvis kan det bli gitt tilskot for inntil tre år.

Prosjekteigar kan ikkje nytte tilskotet til ordinære driftskostnader eller til investeringar i driftsmidlar med varigheit utover prosjektperioden, med mindre Fylkesmannen har gitt særskilt løyve til det.

Fylkesmannen kan gi tilskot med inntil 70 % av totalkostnaden for prosjektet, og i særskilte tilfelle ut over dette. Til gjennomføring av fagdag / markdag og liknande kan det bli gitt eit tilskot inntil kr 8 000 per arrangement. Der det blir leigd inn ekstern føredragshaldar kan det i tillegg bli gitt eit tilskot på inntil kr 5 000. Deltakarane bør betale ein eigendel.

#### **5. Frist for å gjennomføre og rapportere**

Prosjektet må bli gjennomført innan fastsett frist i vedtaket. Prosjektperioden inkluderer også sluttrapportering. Prosjekt som ikkje er gjennomført innan fastsett frist, kan miste retten til heile tilskotet eller delar av tilskotet.

#### **6. Melding om endringar**

Prosjekteigar skal så snart som mogleg melde frå til Fylkesmannen om forseinkingar eller endringar i tiltak. Fylkesmannen skal godkjenne forseinkingar eller endringar.

#### **7. Utbetaling**

Krav om utbetaling skal være skriftleg, og vert rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Saman med krav om sluttutbetaling skal det følgje med kortfatta rapport med oversyn over rekneskap og finansiering frå det gjennomførte tiltaket. Rekneskap skal vere ført slik at Fylkesmannen utan vidare kan samanlikne det med kostnadsbudsjettet og finansieringsplanen som låg til grunn for søknaden.

Rapporten skal innehalde ei vurdering av resultatata i prosjektet sett opp mot implementering i praktisk jordbruk og korleis resultatata bør formidlast. Rapporten bør også peike på behovet for eventuell vidare utgreiing eller forskning på området. For informasjons- og formidlingsprosjekt skal sluttrapporten innehalde særskilt vurdering av korleis kunnskapen frå prosjektet har nådd ut til alle målgrupper i samsvar med formidlingsplanen, og evt. korleis kunnskapen bør brukast vidare.

Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller projektskildring kan òg medføre avkorting.

#### **8. Vedtak og klage**

Fylkesmannen fattar vedtak om tildeling av tilskot. Vedtak fatta av Fylkesmannen kan påklagast til Landbruksdirektoratet.

#### **9. Opplysningsplikt og kontroll**

Den som søker om og mottar tilskot plikter å gi opplysingar og levere dokumentasjon som er nødvendig for at Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet skal kunne forvalte ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet fører kontroll med ordninga, og har rett til å innhente nødvendige opplysningar for å kontrollere om vilkåra for tilskotet er oppfylt eller har vore oppfylt i tilbakelagte periodar. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan utføre stadleg kontroll hos tilskotsmottakar. Tilskotsmottakar plikter å gi bistand ved kontroll.

## **10. Krav om tilbakebetaling**

Utbetalt beløp kan bli kravd tilbake dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med vilkåra for tilskotet. Feilutbetalt beløp kan etter vurdering bli kravd tilbake, anten heilt eller delvis.

## **11. Ikraftsetjing**

Disse retningslinjene trer i kraft 21. februar 2018.